



Sagstad Jan-Ove
5918 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/86 - 23/4938

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
18.01.2023

Påminning om kontroll

Alver kommune v/landbrukskontoret viser til føretaket sin søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket i mars og oktober 2022.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2022-63 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.

Føretaket ditt er trekt ut til kontroll av utgifter til avløysing ved ferie og fritid. Grunnlaget for kontroll av utgifter til avløysing er at risikoen for feilføring av utgifter til avløysing har vist seg å vera til stades etter kontrollar andre år. Ein vil difor kontrollera nokre føretak kvart år.

Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll.

Kontrollen vil omhandla:

- Utgifter til avløysing for 2022

Dokument som kan godkjennast er faktura og/eller a-melding. Bokføringsdokument frå bank må følgja med.

Føremålet med kontroll er at den skal virka skjerpande og rettleiande for føretaket. Dette for å sikra at rette opplysningar vert ført i søknadsskjema og at det vert utbetalt riktig tilskot.

Bed om at naudsynt dokumentasjon vert sendt til Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug eller på e-post til post@alver.kommune.no innan tysdag 17. Januar 2023.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte undertekna.
Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sagstad Jan-Ove

5918 Frekhaug